



Fyllinga av handlenetta var ein "familiar operasjon". Her er mellom andre Bente Nilsen og Gunn Mari Moberg i aksjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er eit lite forsøk på å inspirera også uskedelingane til å vera meir bevisste og ta miljøansvar. Det sa dagleg leiar for SPAR Bente Nilsen då ho torsdag kveld sto blant 400 raude handlenett i Gamleskulen. På eitpar timar skulle dei leverast "på døra" til alle dei 390 husstandane i bygda.

I posene fann uskedelingane denne budskapen:

"- I alle år har SPAR gitt gratis bæreposer til alle kundene sine, men det er vi ikkje lenger så veldig stolte over. For miljøet er dette ikkje bra. Vi forbrukar 150.000-200.000 bæreposer i året.

Frå og med årsskiftet vil vi begynne å ta betaling for bæreposane. Vi vil no gå føre med eit godt miljøførebilete og gje gode, sterke handlenett til alle kundane. Treng du eit nett til, tek du med deg dette brevet til butikken så skal du få eitt til."

I handlenettet var det eit vidt sortiment av handleprøvar, frå kakemenn, kaffe og youghurt til ballongar, kalenderar og shampo. Men det var altså ikkje innhaldet men det som var rundt som var hovudpoenget ved førjulspresangen denne gongen. Uskedalsbutikken har også sendt ut førjulspresangar til kundane sine før, seinast for to år sidan. Men då var innpakningen vanlege plastposer.

Også handlenetta som var spreidd rundt i bygda torsdag er riktignok laga av plast, men dei er utruleg slitesterke og kan i beste fall brukast i meir enn eitt år, seier nokon som har testa dei.

"Operasjon handlenett" var ellers ein svært effektiv dugnadsjobb.

Første fase var at netta vart fylt med vareprøvene. Det var kva ein kan kalla ein "familjær operasjon". Då den var over, troppa skulemusikken med leiarar opp og tok seg av distribusjonen. Sju bilar og 15 frå korpset var i aksjon og for den jobben fekk korpset 3.000 kroner samstundes som det vart gjort ein fin miljøinnsats.

Det er all grunn til å ta av seg hatten både for SPAR og for skulekorpset etter denne miljødugnaden.

Av Ola Matti Mathisen



Skulekorpset gjorde ein innsats for miljøet torsdag kveld samstundes som dei tente pengar til korpset. Her er korpsetsmedlemmene klare til utkøyringa av handlenetta. (Foto: Ola Matti Mathisen)